



Foto: Torill Myren/Ekkoloddet

Årsberetning

Kommunen si årsberetning er heimla i kommunelova § 14-7 og skal dekke dei formelle krava kommunen har til rapportering av eigen verksemd i året som har gått.

Årsberetning

Innhald på denne sida:

Arbeid med å nå mål

Vurdering av den økonomiske situasjonen til kommunen

Avvik mot budsjett

90-området, Frie inntekter, finans m.m.

Etikk

Likestilling

Arbeid med å nå mål

Etter etableringa av nye Ålesund kommune frå 1.1.2020 har det vore arbeidd med etablering av sentrale styringsdokument for den nye kommunen. I utgangspunktet gjaldt dette kommuneplanens samfunnsdel og fire overordna strategiar (folkehelestrategi, grøn strategi, næringsstrategi og strategi for tenesteutvikling og nyskaping). Det er seinare utarbeidd ein strategi for helse- og velferdsområdet.

I styringssystemet til kommunen skal dei overordna styringsdokumenta følgjast opp gjennom den fireårige handlings- og økonomiplanen og dei årlege budsjetta og verksemdsplanane som styrer rammer og aktivitet i verksemdene (den operative delen av styringssystemet). Realisering av mål og strategiar i dei overordna styringsdokumenta føreset prioritering i den operative delen, og vil bli rapportert i tertialrapportar og årsmeldingar. Kommuneplanens samfunnsdel vart vedtatt i kommunestyret 14.1.2021, og dei fire overordna strategiane (folkehelsestrategi, strategi for tenesteutvikling og nyskaping, næringsstrategi og grøn strategi) vart vedtatt i kommunestyret 27.5.2021. I tillegg nemnast også strategi for helse- og velferdsområdet 2021-2028 - Heilskapleg innsatstrapp – som eit viktig og premissgjevande styringsdokument for kommunen sitt arbeid.

I mai 2022 gjorde Stortinget vedtak om å dele Ålesund kommune i to nye kommunar, Haram og Ålesund, frå 1.1.2024. Arbeidet med å avvikle noverande Ålesund kommune og etablere to nye kommunar er særskilt omfattande og krevjande. Alt frå 2022 har arbeidet lagt beslag på store delar av kommunen sine administrative ressursar. Arbeidet vil vere på sitt mest krevjande gjennom 2023, og vil truleg ikkje bli avslutta før i 2025. Kommunedelingsarbeidet vil føre til at arbeidet mot å nå dei måla som ligg i kommunen sine strategiar og planar, ikkje vil ha same fokus og framdrift som ein opphøveleg hadde planlagt.

Styrande planer og dokument ligg til grunn for prioriteringane i budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. Det står fortsett att ein del arbeid med å operasjonalisere planar og strategiar i kommunen sin handlingsplan, mellom anna som følgje av redusert kapasitet i stabs- og støttefunksjonar og naudsynte omprioriteringar av ressursar som følgje av arbeidet med kommunedeling.

Ålesund kommune har vore i ein vanskeleg økonomisk situasjon gjennom fleire år. Kostnadane har vore dels langt høgare enn inntektene, og disposisjonsfondet er tomt. Samstundes har kommunen hatt, og har, relativt høg lånegjeld. Det har difor vore heilt naudsynt å gjennomføre store omstillingstiltak for å skape grunnlag for ei økonomisk berekraftig drift. Det har vore gjennomført små og store omstillingstiltak i heile organisasjonen. Det vart mellom anna gjort ei stor omorganisering med effekt frå 1. mars 2022, noko som reduserte talet på stabs- og kommunalområde frå 9 til 4. Talet på tilsette i stabsområda er samstundes redusert med om lag 50 det siste året. Nærare gjennomgang av omstillingstiltak i 2022 går fram av kommentarane til det økonomiske resultatet i dei enkelte kommunalområda.

Vurdering av den økonomiske situasjonen til kommunen

Kommunen unngår ROBEK

Ålesund kommune vart skipa etter samanslåing av Sandøy, Ørskog, Skodje, Haram og Ålesund kommunar i 2020. Særleg var den nye kommunen sine to første driftsår svært krevjande, først og fremst fordi ein hadde med seg svært store ubalansar i drifta frå dei fem gamle kommunane.

Etter det første driftsåret til den nye kommunen var resultatet eit tomt disposisjonsfond og eit oppsamla meirforbruk på nesten 141 millionar kroner, med frist for tilbakebetaling seinast i løpet av 2022. I 2021 klarte ein å oppnå balanse i drifta. Grunna bruk av bundne fond klarte ein også å redusere det oppsamla meirforbruket frå 141 til 116 millionar kroner.

Rekneskapen for 2022 syner at ein fekk eit godt resultat, der ein har betalt tilbake meirforbruket frå tidlegare år og i tillegg løyvd om lag 36 millionar kroner til disposisjonsfondet. Netto driftsresultat var positivt med om lag 137 millionar kroner, noko som utgjer om lag 2,3 % av inntektene.

Kommunestyret har gjort vedtak om at Ålesund kommune skal styre etter følgande langsiktige finansielle måltal (1) (gjeldande for 2022):

Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Netto korrigert gjeldsgrad justert for gjeld til sjølvkostinvesteringar skal ikkje overstige 90 % av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat vert ofte omtalt som det viktigaste økonomiske nøkkeltalet for ein kommune, mellom anna fordi det er eit uttrykk for balansen mellom laupande inntekter og kostnader gjennom rekneskapsåret. Utvikling i netto driftsresultat:

	2022	2021	2020	2019*
Netto driftsresultat	2,3%	0%	-2,2%	-2,4%

Tabellen syner at netto driftsresultat har betra seg kvart år, frå -2,4 % i 2019 til 2,3 % i 2022.

* Vekta gjennomsnitt av Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy kommunar

Netto korrigert lånegjeld (2) auka med om lag 280 millionar kroner frå 2020 til 2021, og med nye 256 millionar kroner frå 2021 til 2022. Gjeldsgrad er eit uttrykk for lånegjeld målt mot årets inntekter. Sidan inntektene til kommunen også har auka i perioden, er netto korrigert gjeldsgrad uendra på 106 % i 2022.

(1) Målet for gjeldsgrad er endra frå og med rekneskapsåret 2022.

(2) Renteberande gjeld med fråtrekk av ubrukne lånemiddel, ubundne driftsfond og investeringsfond, lån til vidareutlån, lån til sjølvkostinvesteringar og evt. udekka beløp i investeringsrekneskapen.

For 2022 har kommunestyret gjort vedtak om å styre etter eit anna mål for gjeldsgrad, der ein trekker ut lånegjeld som er knytt til investeringar innan sjølvkostområda. Frå og med 2022 måler ein på det ein kallar "justert netto korrigert gjeldsgrad". Grunngevinga for denne endringa er at lånegjeld knytt til sjølvkostinvesteringane vert finansiert over gebyrinnkrevjing frå innbyggjarane, og difor ikkje belastar kommunen si drift. Utviklinga i dette nøkkeltalet syner ei betring i kommunen sin finansielle stilling ved at justert netto korrigert gjeldsgrad har gått frå 71,4 % i 2021 til 70,5 % i 2022. Hovudforklaringa på betringa er at ein har fortsett det langsiktige arbeidet med å redusere ubrukte lånemiddel framfor å maksimere dei årlege låneopptaka. Gjeldsgraden ligg god under måлтаlet, som for 2022 er definert som ei maksgrense på 90 %.

Dei finansielle måla er sett nettopp for å sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid. Rekneskapen for 2022 syner at ein er på rett veg til å nå dei finansielle måla. Vi ser ei stor betring i netto driftsresultat og ei marginal betring i gjeldsgrad. Dessutan har kommunen endeleg positiv saldo på disposisjonsfondet. Målet er at disposisjonsfondet minimum skal utgjere 5 % av inntektene, noko som for 2022 svarar til om lag 300 millionar kroner. Med sine 36 millionar kroner utgjør disposisjonsfondet i dag berre 0,6 % av inntektene. Dette underbyggjer kor viktig det store omstillingsarbeidet som er på gang er, slik at kommunen igjen kan vinne att den økonomiske handleevna.

Kommunedirektøren vurderer den samla økonomiske situasjonen til Ålesund kommune som krevjande. Ein har fortsett ubalansar i drifta, disposisjonsfondet er svært lågt, og lånegjelda tynger. Dessutan er organisasjonen sliten etter ein lang periode med både økonomisk krise, omstilling og pandemi. Nett no står organisasjonen nok ein gong midt i eit særskilt omfattande og krevjande arbeid knytt til kommunedeling. Det er viktig at det pågåande omstillingsarbeidet held fram, og at investeringane framover haldast på eit ansvarleg nivå. Likviditetssituasjonen til kommunen er god.

Avvik mot budsjett

Frie inntekter og finanspostar

Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter i 2022 vart langt høgare enn det ein hadde sett føre seg når opphavelag budsjett vart vedtatt av kommunestyret. Budsjetterte inntekter er blitt revidert opp gjennom året. Rekneskapen syner likevel vesentlege meirinntekter. Dette gjeld både for statlege overføringar og skatt og inntektsutjamning. Det er fleire forklaringar på dette: Kompensasjon for utgifter til korona-pandemien vart betre enn føreset, gode skatteinntekter, eit stor utbetaling frå Havbruksfondet og høgare integreringstilskot enn budsjettert.

Statlege overføringar i form av rammetilskot vart om lag 90 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket kan i hovudsak forklarast med at kommunen fekk om lag 38 millionar kroner i inntektsutjamning, i tillegg til at kommunen fekk ein høgare kompensasjon for korona-utgifter enn det ein hadde budsjettert med i desember. Dessutan fekk kommunen tildelt eit ekstra skjønstilskot frå Statsforvaltaren på 6,4 millionar kroner i november.

Skatteinntektene til kommunen vart om lag 41 millionar kroner høgare enn revidert budsjett. Inkluderer ein inntektsutjamninga, vart den samla skatteinngangen om lag 80 millionar kroner høgare enn budsjettert. For kommunane auka skatteinntektene i snitt med 12,7 % i 2022 samanlikna med året før. For Ålesund var veksten på 12,8 %. Målt i kroner pr. innbyggjar har skatteinntektene aldri vore høgare enn dei var i fjor.

Eigedomsskatten i kommunen vart i 2022 om lag som budsjettert, medan andre generelle driftsinntekter vart om lag 31 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak meirinntekt knytt til integreringstilskot og utbetaling frå Havbruksfondet.

I sum vart dei frie inntektene til kommunen om lag 161 millionar kroner høgare enn revidert budsjett.

Overføringar og tilskot frå andre – frå økonomisk oversikt drift

Samla overføringar og tilskot frå andre var om lag 697 millionar kroner. Dette er 354 millionar kroner meir enn det som er budsjettert. Hovudforklaringa på avviket er at kommune praktiserer nettobudsjettering, der ein mellom anna normalt ikkje budsjetterer med refusjonar for sjukeløn og fødselspengar, og heller ikkje budsjetterer med motposten som normalt vil vere vikarkostnader. I ei bruttooppstilling av inntekter og kostnader vil ein difor få store avvik.

Refusjon for sjukeløn og fødselspengar utgjer aleine 202 millionar kroner, medan mva.-kompensasjon utgjer ytterlegare 74 millionar kroner.

På konto 1700 refusjon frå staten fekk kommunen ei meirinntekt på om lag 71 millionar kroner. Meirinntekta gjeld fleire ulike postar. Mellom anna har kommunen fått tilskot til vidareutdanning av lærar på om lag 19 millionar kroner som er ført på denne kontoen. Vidare er det også mottatt tilskot frå Helseforetaket, og det er bokført om lag 11 millionar kroner meir i refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert.

Driftsutgifter – frå økonomisk oversikt drift

Driftsutgiftene til kommunen vart om lag 572 millionar kroner høgare enn budsjettert. Til ein viss grad er forklaringa at kommunen driv nettobudsjettering, slik at ein naturleg nok vil få avvik mot budsjett på visse bruttopostar. Hovudforklaringa på avviket på bruttopostane er som følgjer:

Lønskostnadane vart 181 millionar kroner høgare enn budsjettert. Av dette utgjør løn til ekstrarhjelper og vikarar om lag 200 millionar kroner, og må sjåast i samanheng med refusjonar for sjukeløn og fødselspengar på til saman 202 millionar kroner. Løn og tillegg til fast tilsette vart om lag 75 millionar kroner lågare enn budsjettert, medan overtidskostnadane vart om lag 43 millionar kroner høgare enn budsjettert. Samstundes vart dei sosiale utgiftene om lag 122 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at eit spesielt høgt premieavvik har ført til lågare pensjonskostnadar enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Kjøp av varer og tenester vart 380 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak at budsjetterte innsparingar i drifta er budsjettert i denne kostnadsgruppa, og at premieavviket også har vore budsjettert her. Meirforbruket her må difor sjåast i samanheng med mindreforbruket på andre postar, og då særleg til løn og sosiale kostnadar. Det er likevel slik at det er store meirforbruk på visse kostnadsgrupper. Dette gjeld først og fremst kjøp av vikartenester, som vart 58 millionar kroner høgare enn budsjettert, men også kostnadar knytt til spesialundervisning i private skular vart om lag 15 millionar kroner høgare enn budsjettert. Også kostnadar til service- og driftsavtalar vart om lag 19 millionar kroner høgare enn budsjettert. Brorparten av meirkostnadane her er kostnadar til brøyting, men også kostnadar relatert til IT og programvare.

Overføringar og tilskot til andre

Overføringar og tilskot til andre vart om lag 131 millionar kroner høgare enn budsjettert. På same måte som ein ikkje budsjetterer med mva-kompensasjon, budsjetterer ein heller ikkje med motposten som er meirverdiavgift. Avviket knytt til denne posten utgjør om lag 74 millionar kroner. Om lag 15 millionar kroner av meirforbruket skriv seg frå koronakompensasjon til lokalt næringsliv. Dette er utgifter kommunen har fått dekt gjennom statlege tilskot.

Finanspostar

Marknadsrentene har auka kraftig gjennom heile 2022, noko som har gjort det meir utfordrande enn normalt å budsjettere renteinntektene. Kommunen har renteinntekter på bankinnskot og utlån, til dømes ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS. Samla renteinntekter i 2022 var lag 149 millionar kroner, noko som er om lag 10 millionar kroner mindre enn budsjettert. Om lag 90 millionar kroner av renteinntektene er renter på konserninterne lån, der lån til eigedomsføretaket utgjør brorparten.

For 2022 er det bokført utbytter på til saman 51,7 millionar kroner. Dette er 6,9 millionar kroner meir enn budsjettert. Utbyttet frå Tafjord Kraft AS var på 36,8 millionar kroner, mot 10,8 millionar kroner året før. Det er også bokført utbytte frå Bingsa Gjenvinning AS på 10,8 millionar kroner. Ørskog Energi AS betalte 2,8 millionar kroner i utbytte.

Medan 2021 vart eit år med god utvikling i dei fleste finansmarknadane, vart 2022 den rake motsettinga med negativ verdiutvikling på aktiva plassert både i aksjemarknaden og i obligasjonsmarknaden. Mot slutten av året snudde utviklinga, noko som førte til at avkastninga på finansporteføljen vart litt betre enn kva ein såg føre seg midt i året. Budsjettert avkastning på finansporteføljen er 22,2 millionar kroner, medan avkastninga vart negativ med om lag 14 millionar kroner. Avviket mot budsjett vart om lag 36 millionar kroner.

Finansreglementet regulerer mellom anna graden av rentebinding som kommunen skal ha. ROBEK-spøkelset har gjort at ein også gjennom heile 2022 har valt å ta relativt kort rentebinding for å sikre lågast mogeleg rentekostnadar på kort sikt. Rentekostnadane vart 138,2 millionar kroner. Dette er 52,4 millionar kroner høgare enn året før, og 40,7 millionar kroner lågare enn budsjettert. Merk at dette er rentekostnadar for både kommunekassa og dei kommunale føretaka. Dette skuldast at føretaka vert finansiert gjennom låneopptak i kommunekassa, som deretter låner vidare til føretaka (utan margin). Føretaka betalar difor renter til kommunekassa. For 2022 utgjorde dei konserninterne renteinntektene 89,8 millionar kroner.

Samla avdragskostnadar var om lag 93,3 millionar kroner, noko som er 24,8 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette må likevel sjåast i samanheng med at avdragskostnadane i ÅKE vart om lag 44,6 millionar kroner høgare enn opphavelag budsjettert. Denne ekstraavgifta for ÅKE er kompensert ved auka overføring til føretaket.

Kommunen har sidan etableringa i 2020 jobba systematisk med å redusere unytta lånemiddel. Dette er i utgangspunktet lånegjeld som var tiltenkt å finansiere investeringar i anleggsmiddel. Når investeringane er blitt billegare enn budsjettert, eller er blitt skubba fram i tid samstundes som låneopptaket er gjennomført, oppstår unytta lånemiddel. Kommunen har, som ein også gjorde i 2021, klassifisert delar av årets låneopptak til eit kortsiktig likviditetslån, grunna at kommunestyret nedjusterte behovet for langsiktig finansiering i siste budsjettrevidering hausten 2022. Denne mogelegheita er heimla i kommuneloven §14-15, og fullmakt er delegert frå kommunestyret gjennom kommunen sitt finansreglement. Kommunestyret gjorde dessutan vedtak om å ta opp likviditetslån i kommunestyresak 140/22. Gjennom å gjere dette vil framtidige avdragsbetalingar i større grad harmonere med generasjonsprinsippet ved at ein unngår å starte avdragsbetaling på gjeld før kapitalslitet på det aktuelle anleggsmiddelet faktisk har starta.

Avvik mot budsjetterte løyvingar til drift

Økonomiske effektar av korona-pandemien

Også i 2022 har koronapandemien hatt stor verknad på kommunen sin tenesteproduksjon og økonomi. Det er krevjande å rekne ut nøyaktig dei totale økonomiske effektane som pandemien har hatt, då det krev at ein gjer nokre føresetnadar i utrekninga. Kommunen har god oversikt over direkte kostnader knytt til pandemien. Det blir straks litt vanskelegare å rekne indirekte kostnader og kalkulert inntektstap. Direkte koronakostnader er i hovudsak trekt ut frå kommunalområda og er bokført på 90-området (Finans, frie inntekter m.m.) i rekneskapen.

Direkte kostnader for Ålesund kommune knytt til koronapandemien i 2022 er på om lag 51,6 millionar kroner. Dette er berre ekstrakostnader knytt til pandemien, og inkluderer for eksempel ikkje kostnader knytt til at tilsette som elles ville ha utført andre oppgåver er omdisponert til å jobbe med pandemien. Dette gjeld til dømes kommuneoverlegen, beredskapsarbeid generelt, kriseleiinga, store delar av kommunedirektøren si leiargruppe samt anna administrativ kapasitet. For dette kan ein berre gjere overslag over kostnadane.

Ålesund kommune har fått dekt sine ekstrakostnader gjennom ei ekstraordinær løyving på 60,6 millionar kroner.

Dei direkte kostnadane som det einskilde kommunalområde har hatt til handsaming av koronapandemien er for det meste kompensert intern gjennom at desse kostnadane er bokført på 90-området i rekneskapen. Det kan likevel vere mindre kostnader som er blitt liggjande i einskilde verksemdar.

Arbeidet med kommunedeling

Grunna usikkerheit kring finansieringa av kostnader knytt til arbeidet med å dele Ålesund kommune har ein, så langt som praktisk råd, forsøkt å utsette kostnader. Dette har ført til at det er bokført om lag 3,5 millionar kroner til delingsarbeidet i 2022. Kostnadane er i stor grad løn til visse nøkkelpersonar som har arbeidd med kommunedeling, og skriv seg i hovudsak frå fjerde kvartal. Brorparten av kostnadane til delinga vil kome i 2023 og i 2024.

Kommunalområde Organisasjon

I 2022 vart det gjennomført ei større administrativ omorganisering i kommunen. Mellom anna vart dei fire gamle stabsområda avvikla, og hovudoppgåvene til desse er i det alt vesentlege vidareført i det nye kommunalområdet Organisasjon.

Rekneskapen for 2022 syner eit mindreforbruk på 13,8 millionar kroner. Avvik mot budsjett fordeler seg slik:

Beløp i tusen kroner.

Verksemd/budsjettområde	Rekneskap 2022	Revidert budsjett2022	Avvik mot budsjett	Opphavleg budsjett
Organisasjon	22 538	15 967	6 571	22 042
Økonomi og styring	58 700	60 588	-1 888	62 877
Teknologi og innovasjon	69 382	79 802	-10 420	71 883
Konserninnkjøp	6 771	7 117	-346	7 117
Politikk og kommunikasjon	32 967	40 704	-7 737	35 177
Sum organisasjon	190 358	204 178	-13 820	199 096

Tabellen ovanfor syner rekneskap for kvar verksemd samanstillt med opphavelig budsjett og revidert budsjett, samt ei kolonne som syner avviket mot budsjett.

Resultatområdet organisasjon hadde eit meirforbruk på 6,6 millionar kroner. Dette skuldast at årets innsparingskrav i stor grad er lagt til dette området, og er ikkje fordelt på verksemdene i kommunalområdet.

Kommunalområdet Organisasjon leverer eit resultat for 2022 med mindreforbruk mot tildelt ramme. Det er tatt store innsparingar i løpet av året både på lønns- og driftskostnader. Innsparingane er oppnådd ved å halde stillingar vakante og i liten grad ta inn vikarar ved sjukdom og anna fråvær. I tillegg har det vore stor merksemd på å avgrense kostnader både til kurs, reiser osb.

Det har gjennom heile året vore jobba med å tilpasse drifta til økonomisk ramme. Hovudtiltaka har vore følgande:

- Omorganisering til ny administrativ struktur med reduksjon i tal på årsverk.
- Generelt stram kostnadskontroll i alle verksemdar og avdelingar.
- Reduksjon i reiseaktivitet og kompetanseheving for tilsette.
- Lite bruk av vikarar ved sjukdom og anna langtidsfråvær.

Investeringar

For 2022 var det budsjettert med samla investeringskostnader på til saman 20,8 millionar kroner i kommunalområdet, medan bokførte kostnader endte på 16,4 millionar kroner. Dei aller fleste investeringane her er knytt til IKT.

Kommunalområde Helse

Kommunalområde Helse vart etablert som eit resultat av den administrative omorganiseringa i 2022, og består i hovudsak av det gamle kommunalområdet Helse og omsorg og delar av det gamle kommunalområdet Velferd og sysselsetting.

I takt med aukande skatteinntekter, har kommunestyret valt å styrke driftsramma til kommunalområdet Helse frå opphaveleg 1 591 millionar kroner til 1 754 millionar kroner. Rekneskapen syner eit meirforbruk på 28,1 millionar kroner mot revidert budsjett. Resultatet er betre enn det prognosene viste i løpet av året.

Hovudårsaka til endringa er ei økonomisk styrking av budsjettet på 150 millionar kroner, samt høgare refusjon for ressurskrevjande brukarar.

Kommunalområdet har framleis eit stort omstillingsbehov i forhold til driftsramma. Ein har lukkast med å snu den negative utviklinga med auke i dei ordinære driftskostnadane innanfor Helse, men ein ser at omstillinga ikkje går fort nok, og at der er behov for ytterlegare tiltak i tida som kjem.

Det vart innført tilsettingsstopp i september månad. Intensjonen er at verksemdene må vurdere andre løysingar i forhold til organisering og kompetansebruk for å halde stillingar vakante, eventuelt at ein kan ta dei bort. Kommunalområdet har etablert ei søknadsordning der verksemdene kan søke om dispensasjon. I tilfelle der ein vurderer at det ikkje er økonomisk eller fagleg forsvarleg å la stillinga stå vakant, så vil ein då få løyve til å lyse ut.

Fleire verksemdar har tatt ned drifta si vesentleg når det gjeld årsverk og løn, men samtidig opplever ein blant anna auka kostnader på kommunale avgifter, vaskeritenester, fastlegeordninga, straum og på innkjøp og eksterne tenester generelt. I oppsummeringa nedanfor ser ein tydeleg at verksemdene har hatt store innsparingskrav knytt til den enkelte verksemd. Resultatet hadde sett vesentleg betre ut for verksemdene dersom ein hadde delt ut den økonomiske styrkinga på 150 millionar som kommunalområdet vart tilført. Denne styrkinga har ein valt å halde på overordna ansvaret for kommunalområdet.

- Tenesteområde 200 Helse (Overordna ansvar):

Årsregnskapet syner eit mindreforbruk på **111,3 mill.kr.**

- Tenesteområde 210 Institusjon:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **13,1 mill.kr.**

- Tenesteområde 220 Heimebaserte tenester:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **2,2 mill.kr.**

- Tenesteområde 230 Omsorgsdistrikt:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **6,2 mill.kr.**

- Tenesteområde 240 Førebygging og meistring:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **3,6 mill. kr.**

- Tenesteområde 250 Koordinering og tildeling:

Årsregnskapet syner eit midreforbruk på **0,6 mill. kr.** Vesentleg høgare inntekter enn berekna gjer at ein hamnar ut med eit mindreforbruk. Dei generelle driftskostnadane er for høge.

- Tenesteområde 260 Legetenester:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **16,4 mill. kr.** Dette er i hovudsak knytt til byråutgifter i fastlegeordninga.

- Tenesteområde 310 Buteneste:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **88,7 mill. kr.**

- Tenesteområde 320 Arbeid og aktivitet:

Årsregnskapet syner eit mindreforbruk på **0,8 mill. kr.**

- Tenesteområde 330 Måltid og ernæring:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **1 mill. kr.**

- Tenesteområde 340 Psykisk helse og rus:

Årsregnskapet syner eit meirforbruk på **9,7 mill.kr.**

- Tenesteområde 350 NAV Ålesund:

Årsregnskapet syner eit mindreforbruk på **0,2 mill.kr.**

Fleire verksemder melder bekymring med tanke på rekrutteringsutfordringar av helsepersonell. Vakansar medfører auka løns- og innleigekostnader. Ein vert særskilt utfordra på rekruttering av sjukepleiarar og legar, men ein opplever utfordringar også innan dei fleste andre yrkesgrupper i kommunalområdet. Det at ein allereie har vakansar i eksisterande turnusar utfordrar det å ha utlysingsstopp. Alternativet til rekruttering vil som oftast vere overtidsbruk og byråbruk. Dette gjer at stillingar i turnus i stor grad vert lyst ut, og er ein direkte hovudårsak til mange av overskridingane i forhold til overtidsbruk og innleige.

Tiltak i kommunalområdet

Strategien "*Heilheitleg innsatstrapp*" (som vart politisk vedtatt i 2021) skal bidra til ei meir berekraftig helse- og omsorgsteneste, og har nokre viktige satsingsområde:

- endra tildelingspraksis – bruk av LEON-prinsippet
- auka satsing på ambulerande/oppøkande/heimebaserte tenester
- reduksjon av institusjonsplassar
- auka bruk av digitale verkøy
- rett kompetanse på rett stad

Kostnadsreduserande tiltak som er politisk vedtatt:

Avvikling av omsorgsplasser ved Sanitetshjemmet og ved Borgundheimen. Økonomiske effekt ca. 56 millionar kroner i økonomiplanperioden. Avviklinga av institusjonsdrift på Sanitetshjemmet har starta, og per 31.12.2022 er 27 av 50 plassar avvikla. Drift ved Borgundheimen vart avvikla i april 2022.

Avvikling av Klipra bukollektiv for personar med demenssjukdom (12 plassar). Dei fleste plassane er avvikla, men 4 plassar gjenstår pr 31.12.2022.

Effektiviseringkrav til alle verksemdar med 2 %. Økonomisk effekt 20 mill.kr.

Fokus på nærvær, god organisering i tenestene og arbeid med rekrutteringsstrategi for helse- og velferdstenestene skal gi redusert behov for innleie av personell. Grunna pandemi og høgt sjukefråvær var det krevjande med innsparingar knytt til dette tidleg på året, men i siste del av 2022 gjekk sjukefråværet ned.

Reduksjon frå 2 til 1 ambulansebåt grunna Nordøyvegen. Økonomisk effekt 2 mill.kr.

Omlag 87 % av utgiftspostane er knytt til lønn og andre personellkostnader. For å nå dei økonomiske måla vil det vere nødvendig å redusere lønns- og personellkostnadane i kommunalområdet vesentleg. Det er innført tilsetjingsstopp i tenestene, og behovet for vikarinneleige ved fråvær skal vurderast svært strengt. Dette gjeld sjølv sagt også innleige frå eksterne vikarbyrå. Ein ser at grunna generell mangel på helsepersonell så må ein i stor grad lyse ut ledige stillingar på nytt, og at bruken av byrå og overtid er over ønska nivå.

Det vart hausten 2022 satt i gang eit arbeid der kvar verksemd utarbeider nye bemanningsplanar innafor den ramma som er tildelt, og gjennomfører nødvendige nedbemanningsprosessar for å tilpasse drifta til ny plan. Tillitsvalde vert involvert i dette arbeidet jfr. lov- og avtaleverk. Ein må hensynta eksisterande drift og vedtak, og ein vil ha eit stort behov for omstilling også i 2023.

Reduksjon av bemanning i tenestene vil innebere at nivå og omfang også vert redusert, sjølv sagt framleis innafor det som fagleg vert vurdert som forsvarleg. Ikkje-lovpålagde tenester vil måtte reduserast til eit minimum, med mindre dei kan bidra til ein reduksjon av tenester øvst oppe i innsatstrappa. Dette vil vere krevjande endringsprosessar på alle nivå av kommunehelsetenesta, både operativt, administrativt og politisk nivå.

Investeringar

Kommunalområdet hadde eit samla investeringsbudsjett på 1,9 millionar kroner, og har nytta 1,8 millionar kroner av ramma. Kostnaden gjeld primært investeringar knytt til etablering av skjerma plassar ved Hatlane omsorgssenter, samt Helseplattformen.

Kommunalområde Oppvekst

Kommunalområde Oppvekst vart etablert som eit resultat av den administrative omorganiseringa i 2022, og består i hovudsak av det gamle kommunalområdet Opplæring og delar av det gamle kommunalområdet Barn, familie og integrering.

Rekneskapen for kommunalområdet Oppvekst syner eit meirforbruk på om lag 103 millionar kroner i 2022. Ved samanslåinga var samla budsjetttramme på til 1 672 313. Kommunalområdet fekk tilført ekstra budsjettmidlar etter 2.tertial 2022, og auka ramma til 1 711 525.

Kommunalområdet har pr 31.12.22 vel 2052 tilsette fordelt på 1698 årsverk.

Årsverka er fordelt slik:

Organisasjonsområde	Årsverk
Oppvekst stab	17,3
Barnehage	251,4
Skole	1060,5
Barn, familie, førebygging	363,8
Læringar	4,9
Sum	1697,9

Sjukefråværet i 2022 var på 10,17%, mot 10,27% i 2021.

Driftssituasjonen for 2022 har vore særdeles krevjande, og kommunalområdet har eit avvik mot budsjett på vel 103 millionar. Det er gjennomført innsparingstiltak i form av bemanningsreduksjonar og tilsettingsstopp, men ein har likevel ikkje greidd å redusere utgiftene i tråd med vedtatt budsjetttramme. Gjennom tertialrapportane er det meldt at det ville bli eit stort økonomisk avvik, men avviket vart til slutt noko større enn det som vart meldt i oktober 2022.

Dei største avvika i høve budsjett finn vi innanfor skule, barnevern, bu- og avlasting og felleskostnader i oppvekst. I posten felleskostnader ligg utgifter til lisensar på læremiddel og IKT, skuleskyss og overføringar knytt til spesialpedagogisk hjelp til friskular og fosterheimsplasserte elever.

Eit klart utviklingstrekk er at talet på barn og unge med særskilte oppfølgingsbehov er aukande. Dette medfører behov for auka ressursinnsats både innan barnehage, skule, barnevern, avlasting og familiestøttande tiltak. Det kjem tydeleg fram i tilbakemeldingane frå verksemdene at dette opplevast utfordrande, både når det gjeld tilgang på kompetanse og økonomi.

I prognosane for 2022 såg det ut til at barnetalet skulle gå ned, men tilflytting og auka fødselstal viser at vi har hatt ei lita auka. Høgare tal på barn i barnehage og høgare elevtal har gitt oss økonomiske utfordringar på den måten at vi ikkje har greidd å gjennomføre innsparing i årsverk i så stort omfang som planlagt.

Oppvekst - overordna

Resultatet for fellesområdet er eit avvik på over 50 millionar i overforbruk som i all hovudsak skuldast auka utgifter til skuleskyss og tilskot til spesialpedagogiske tiltak til privatskular og til kommunar som har fosterheimsplasserte elevar frå Ålesund. Totalt kostar skuleskyss vel 15,6 millionar i året, medan utgiftene knytt til spesialpedagogiske tiltak er på vel 52 millionar.

Ein hadde eit mål om å redusere kostnadene på alle desse områda, men dette har ein ikkje lukkast med. Delvis skuldast det auke i elevar og barn med store hjelpebehov, men og eit regelverk som gjer at ein ikkje har like stort handlingsrom til å tilpasse tiltak overfor privatskulane som vi har i dei kommunale skulane.

Dei private skulane har langt høgare del spesialundervisning enn dei kommunale skulane. Dette er også noko ein ser igjen på nasjonalt nivå. Det finst lite forskning som kan forklare at det er høgare førekomst av spesialundervisning i private grunnskolar enn i offentlege. Ein grunn kan vere at foreldre til born med spesielle behov, eller barn med vedtak om spesialundervisning, i større grad søker seg over til private skolar med alternativ pedagogikk.

Det er gjennomført bemanningsreduksjon i staben tilsvarande 2 årsverk i 2022

Barnehage

Seksjon barnehage hadde eit meirforbruk på vel 9,5 millionar. Overforbruket er fordelt på eit mindre overforbruk i dei kommunale barnehagane tilsvarande vel 1 million kroner. Dette overforbruket kan knytast at ein har hatt fleire tilsette enn budsjetttramma tilseier, for å kunne overhalde bemannings- og pedagognorm opp mot eit auka tal på barn.

Det var også eit noko større overforbruk tilsvarande vel åtte millionar på tilskot til private barnehagar. Dette er knytt til eit høgare tal på barn som dei private fekk tilskot for enn den budsjetterte ramma.

Det var 100 fleire barn ved hovudopptaket for barnehageåret 2022/2023 enn barnehageåret før, dette er årsaka til overforbruk i dei kommunale barnehagane og også i høve tilskot til private barnehagar.

Skule

Seksjon skule (ansvar 420) med 29 verksemdar har eit samla meirforbruk i 2022 på vel kr 30 millionar kroner.

Det er gjennomført reduksjonar i lønsutgiftene og det var eit mål å redusere talet på tilsette med 50 årsverk i løpet av 2022. Resultatet vart ein nedgang på 16 årsverk.

Ny arbeidstidsavtale for kontaktlærarar, auka elevtal på grunn av tilflytting og fleire elevar med store hjelpebehov, har gjort at reduksjonen i talet på årsverk har blitt langt mindre enn den planlagde reduksjonen på 50 årsverk.

Som eit strakstiltak er det gjennomført tilsettingsstopp for å få tid til å legge meir langsiktige planar for å få lønsutgiftene til å vere i tråd med budsjettet. Tilsettingsstoppen ga noko reduksjon i variable lønsutgifter. Sjølv om vi ser at dei økonomiske rammene er utfordrande, meiner vi at skulane totalt sett har eit handlingsrom i tilrettelegging av spesial-pedagogiske tenester, der tala viser at vi ligg over gjennomsnittet både i talet på elevar og total ressursbruk i høve samanlignbare kommunar. Det handlingsrommet må vi bruke slik at vi framleis kan levere tilfredsstillande tenester og halde oss innafor lovverket.

Vår største utfordring, og der vi har mest å hente økonomisk, ligg som nemnt på det spesialpedagogiske området. Det er også her vi har sett i verk eit målretta arbeid som har 2 mål:

- Sikre at elevane får eit tilfredsstillande opplæringstilbod innafor krava i opplæringslova.
- Sikre rett ressursbruk og bruk av kompetanse, og på den måten få ned kostnadene.

Barn, familie og førebygging

Årsresultatet for seksjon barn familie og førebygging syner total sett eit meirforbruk på vel 7,8 millionar mot tildelt ramme for 2022.

Verksemdene spesialpedagogiske tenester, helsestasjonstenester og familiestøttande tenester har eit mindrebruk ved årsslutt. Både verksemd spesialpedagogiske tenester og familiestøttande tenester har hatt vakante stillingar gjennom heile året. Helsestasjonstenesta fekk eit innsparingskrav på om lag 4 millionar kroner i budsjett for 2022. Dette er dekt inn gjennom året. Verksemda mottek midlar til styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta. Tilskotet vert nytta til engasjementstillingar då det per no ikkje er moglegheit for å auke talet på årsverk. Tenesta er framleis ikkje på norm når det gjeld jordmødrer, eller helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta. Helsestasjonstenesta har og fått kompensert for koronarelaterte utgifter og utgifter til helseteam for ukrainske flyktningar. Det vert ikkje leigd inn vikarar ved langtids sjukefråvær eller i samband med permisjonar i desse verksemdene.

Årsresultatet for verksemd integrering viser eit mindreforbruk mot tildelt ramme. Dette skuldast ein budsjettrevisjon hausten 2022. Budsjettrevisjonen vart gjort med bakgrunn i ei kraftig auke i tilstrøyming av flyktningar i løpet av året. I utgangspunktet var det fatta vedtak om busetting av 78 flyktningar for 2022. Etter at krigen i Ukraina braut ut i februar vart det fatta nytt vedtak om å busette totalt 410 flyktningar for heile året. Situasjonen har vore krevjande for verksemda. Etter nedbemanning i 2021 har det gjennom 2022 vore behov for å tilsette fleire programrådgivarar. Dei fleste i midlertidige stillingar.

Årsrekneskapen for barneverntenester og bu- og avlastingstenester viser eit meirforbruk i begge verksemdene. Meirforbruket i verksemdene har si årsak i fleire forhold. Tenestene er uføreseieleg og det kan vere vanskeleg å framskrive behov, og behov for tiltak kan auke i løpet av året. Dette medfører utgifter som det ikkje er dekning for innanfor vedtatt budsjettramme.

I verksemd bu- og avlasting har det over fleire år blitt tildelt tenester ut over ramma, noko som har gitt eit kontinuerleg etterslep. Verksemda fekk ei justering i ramma først seint i 2021. Dette dekte likevel ikkje etterslepet. Det har til no vore lite moglegheiter for å kunne differensiere avlastingstenester, og det har derfor i lang tid vore tildelt tenester på dei høgste nivåa i innsatstrappa. Nye tiltak i løpet av eit budsjettår krev mykje tilrettelegging og det er vanskeleg å kunne førespegle omfanget før ein har kjent brukarane over tid og kan stabilisere tenestenivået. Verksemda har og gjennom året fått fleire pålegg om tiltak frå statsforvaltaren, noko som gir auka utgifter og som det ikkje er budsjettdekking for. Det har vore ein plan om å flytte ut vaksne brukarar med avlastingsvedtak frå Borgundfjordvegen avlasting til eige tiltak i kommunalområde helse. Utflyttinga har vore utsette fleire gongar av ulike årsaker, og vert først gjennomført pr. 1.1.23.

For å lukke avvik etter tilsyn frå statsforvaltaren ved Søvik avlastingsbustadar, har ein vore nøydd til å auke talet på årsverk og personale med rett kompetanse. Dette avviket er no lukka. Det har også vore ei målsetting om å redusere bemanningsfaktor ved Borgundfjordvegen avlasting ved å nytte digitale løysingar. Grunna alarmsystem som ikkje blei levert/montert og fungerte etter si hensikt, har dette blitt usett. Tiltaket er no igangsett, og fungerer etter si hensikt. Verksemda har og over lang tid hatt ein situasjon med underbemanning grunna sjukefråvær og vanskar med å skaffe kompetent personal, noko som har resultert i eit meirforbruk på overtid langt utover det som er normalt. Tilsette i verksemda har hatt store banker med ferie og avdelingsbytte over år. Det har vore eit fokus på å få rydda i dette, og det er derfor ei auka i utgifter til ferievikarar. Ved siste tildeling av tenester no i desember blei det tildelt avlasting til åtte nye familiar.

I verksemd barnverntenester er det varsla eit meirforbruket gjennom heile året. Dette skuldast i hovudsak høge utgifter til barn og unge som er under omsorg som bur i fosterheim eller på institusjon. Oppvekstreforma som vart iverksett 1.1.2022 medførte ei omlegging av finansieringa av statlege barneverntiltak. Fram til 2022 mottok barneverntenesta lønstilsot til tilsette og delvis refusjon for løn til fosterheimar til barn med store utfordringar. Dette fall vekk i samband med at oppvekstreforma vart iverksett. I tillegg vart det ei auke på om lag 120% i eigenandel ved bruk av institusjonsplassar. I tildelt budsjetttramme for 2022 vart det ikkje tilstrekkeleg kompensert for auka utgifter. Dette har medført svært høge utgifter på statlege tiltak og er utgifter som berre delvis er kompensert i rammeoverføringane til kommunen. Barneverntenesta i Ålesund har i utgangspunktet lågare utgifter til kommunalt barnevern enn fleire samanliknbare kommunar i kostra-området. Utfordringa ligg i at store økonomiske ressursar er bundne opp i kjøp av dyre tiltak, som til dømes institusjonsplassar til ungdom.

Avvik på funksjon 202 - grunnskole (Meirforbruk om lag 49 millionar kroner):

Meirutgifter knytt til skuleskyss, med kraftig auke i utgiftene frå 2020 og eit avvik mot budsjett på over 7 millionar kroner.

Meirutgifter knytt til refusjonar for skule- og barnehagetilbod for barn og elevar som er fosterheimplassert i andre kommunar. Kostnadane har auka mykje sidan 2020. Totalt er det utbetalt vel 10 millionar kroner i kjøp av skuletenester frå andre kommunar.

Meirutgifter i tilskot til spesialpedagogiske tenester til private skular. Også her har det vore ei stor auke i utbetalingane samanlikna med 2020, og dermed store avvik i høve avsett budsjett. Totalt er det betalt ut vel 19 millionar kroner til private skular.

Meirforbruk på skulane på totalt 10 millionar kroner.

Avvik på funksjon 201 - barnehage (Meirforbruk i underkant av 8 millionar kroner):

Meirutgifter knytt til pandemien. Nokre av kostnadane knytt til Covid 19 er refundert, men i tillegg har det vore auka vikarutgifter knytt til ordinært sjukefraver. Ein del av overforbruket kan knyttast til Covid-utgifter som ikkje er refundert.

Det vart ved hovudopptaket 2021 teke inn fleire barn i dei kommunale barnehagane enn det var budsjett til, då desse elles hadde utløyst tilskot til private barnehagar.

Det var ikkje avsett midlar i opphøveleg budsjett til drift av Hildre barnehage og avdeling på Longva.

Avvik på funksjon 214 – Vaksenopplæring (Meirforbruk om lag 4,7 millionar kroner)

Auke i talet på born som skal ha tilbod om logopedi.

Husleigahar auka med ca. 700 000 kr. sidan VO no har undervisning på 4 stadar; Nørvøy, Prestemarka, Åsesvingen, Brattvåg. Andre driftsutgifter som straum, kommunale avgifter og reiseutgifter har auka tilsvarande.

Avvik på funksjon 222 – skulebygg

Husleige har blitt høgare enn budsjettert

Oppsummert:

Vi har for store avvik knytt til refusjoner til andre kommunar, skuleskyss og private skular. Omfanget av utgifter til forsterhjemsplasserte barn i andre kommuner, og omfanget av spesialpedagogisk hjelp til private skular, vert utløst gjennom sakkunnige tilrådingar og vedtak. Store deler av krava har kome mot slutten av året, og vi har ikkje greidd å fange opp utgiftene og rapportert dette gjennom tertialrapporteringane. Vi er i gang med å endre rutinane og forbedre periodiseringa av utgiftene, men må samtidig konstatere at det vil vere krevjande å få ned kostnadane på kort sikt. Vi må ha ein grundig gjennomgang med dei som utarbeider sakkunnige tilrådingar, og vi må ha ein gjennomgang av korleis privatskulane organiserer ordinær opplæring og sjå dette opp mot omfanget av spesialpedagogiske tiltak.

Det er gjort omfattande innsparingstiltak i skulane, men dei kjem likevel ut med eit mindre overforbruk. Det er grunn til å rose dei skulane som har mindreforbruk, balanse eller små avvik i forhold til budsjettramma. Innsparingstiltaka i 2022 er gjort på ein slik måte at nesten alle skulane har haldt seg innanfor lærernorma. To skular manglar eitt årsverk kvar for å vere innanfor lærernorma.

Det er gjort eit godt arbeid på det spesialpedagogiske området i barnehagane og vi ser klart positive effektar av dei endringane som er gjort i forhold til å styrke det almennpedagogiske tilbodet i barnehagane. Dette tiltaket gjeld både kommunale og private barnehagar.

Vi må i løpet av 2023 ha ein grundig evaluering av ressurstilodelingsmodellen i skule og SFO. Det er særleg utfordrande og finne ei god og rettferdig fordeling av økonomiske midlar til spesialpedagogisk hjelp. Ein tildelingsmodell må både vere slik innretta at dei ivaretek behovet for god økonomisk fordeling til elevar med store hjelpebehov, og samstundes stimulere skulane til å legge til rette for eit godt opplæringstilbod innanfor dei allmennpedagogiske rammene.

Investeringar

Kommunalområdet hadde ikkje budsjettert med, eller gjennomført investeringar i 2022.

Kommunalområde Samfunn

Kommunalområde Samfunn vart etablert som eit resultat av den administrative omorganiseringa i 2022, og består i hovudsak av dei gamle kommunalområda By, Miljø og stadutvikling og Kultur og medborgarskap.

Rekneskapen syner at kommunalområdet i 2021 hadde eit mindreforbruk på om lag 7,4 millionar kroner. Resultata varierer mellom verksemdene, frå eit stort meirforbruk innanfor Miljø og samferdsel til eit stort mindreforbruk innanfor Innbyggjartorg og bibliotek. I tilknytning til omorganiseringa valde kommunalområdet å halde tilbake midlar som ikkje vart fordelt til verksemdene. Fordeling av desse var tenkt gjennom året, men på grunn av stor usikkerheit på fleire område valde ein å ikkje gjennomføre ei omfordeling.

Verksemdene har også i år vore påverka av korona-pandemien, men i mindre grad enn i 2021. Dette har medført redusert drift på enkelte område i forhold til eit normalår. Dette har gitt ulike utslag i forhold til driftskostnadane, samtidig som ein også har fått refusjonar for å dekke meirkostnadar.

Kommunalområdet har hatt ein del vakansar i stillingar som har medført lågare lønskostnader enn budsjettet. Dette går ut over tenestenivået og kommunalområdet si evne til å gjennomføre investeringar. På enkelte området går det også ut over inntektsnivået der manglande eller for sein tenestelevering medfører tilbakebetaling til kundane.

Fleire av verksemdene melder om låge straumkostnadar i 2022. Dette har si årsak i kommunen sin gunstige straumavtale som har gitt låge kostnadar i 2022. Desember vart imidlertid eit unntak, med straumkostnadar tilsvarande meir enn 50 % av årskostnadane.

Innbyggjartorg og bibliotek:

Rekneskapsresultat for verksemd Innbyggjartorg viser eit mindreforbruk på 5,9 millionar kroner mot tildelt budsjett.

Dette skuldast i hovudsak:

- Vakansar utan vikar.
- Refusjonar utan budsjett, m.a for koronapandemien. Nytt fleire årsverk til dette formålet.
- Bruk av bundne fond inn i drifta.
- Straumavtale som slo gunstig ut på uvanleg låg straumpris.

Kulturskule:

Rekneskapen for Ålesund kulturskole viser eit meirforbruk på 0,4 millionar kroner mot tildelt budsjett.

Også 2022 har vore eit år prega av koronapandemien, om enn i mindre grad enn i 2021. Året starta med nedstenging, smittevernrestriksjonar og avlysingar, noko som ikkje berre har berørt drifta, men også økonomien.

Meirforbruket knytter seg i all hovudsak til auka utgifter til husleige og bilgodtgjersle/transport ved desentralisert undervisning. Det har også vore gjort ein rekneskapsteknisk justering frå 2021 til 2022 som har medført at vi feilaktig har "mista" budsjettmidlane for leige av lagerlokale for Jugendteateret.

Også i 2022 fekk vi ein reduksjon i salet av tenester til kostpris (vidaregåande skole og Fjord kommune), tilsvarande 0,5 årsverk frå 1.8.

I og med at lønsmidlane utgjer den største delen av kulturskolen sitt bruttobudsjett, er det først og fremst her vi kan spare pengar. Gjennom heile 2022 har det vore gjort tiltak for å halde lønsutgiftene nede ved å halde moglege stillingsressursar vakante og redusere vikarbruken så langt som råd. Dette er eit tveigga sverd i og med at for mykje kansellert undervisning i neste omgang kan medføre refunderte kontingentar.

Sjølv om det har vore gjort tiltak for å halde dei andre driftsutgiftene nede, har dette ikkje fullt ut kompensert for den store auka det har vore i utgiftene til m.a. bil/transport og husleige.

Kultur og fritid:

Årsrekneskapen viser eit mindreforbruk på 1,9 millionar kroner. Verksemda har, i tillegg til driftutgiftene til Norborg fleirbrukshall, dekkja husleigekostnadane til hallen og til Lepsøy IL. Dette har det ikkje vorte budsjettet med, men vore ein transaksjon gjort av økonomiavdelinga. Husleigene utgjer kr 1 681 360.-

Verksemda har eit mindreforbruk som delvis skuldast vakansar og difor mindre aktivitet enn normalt, i tillegg vart ikkje Drømmesommer arrangert i år, då sentrale personar for drifta ikkje hadde moglegheit til å gjennomføre turar. Vi har og meirinntekter som skuldast at Ålesund vgs. og Spjelkavik vgs. brukar meir hallkapasitet i idrettshallane enn budsjettet. Hausten 2022 sluttrapporterte vi for prosjektet Verkstad Da Vinci til Byen som regional motor, og fekk tilført kr 605 800.- Dette hadde vi ikkje lagt inn i budsjettet, og det bidreg til mindreforbruket. Verksemda har også vore svært nøkterne når det gjeld forbruk, i solidaritet med den økonomiske situasjonen kommunen er i. Vi har no tilsett i dei fleste stillingane, og frå nyttår vil verksemda kunne ha normal drift og difor meir samsvar mellom budsjett og rekneskap.

På Moa svømmehall er driftsinntekter redusert. Anlegget hadde restriksjonar grunna pandemien i starten av året. Inntektsbringande aktivitetar har i denne perioden vore fråverande, medan utgiftene forblir omtrent dei same. Noko ettervirkningar er det også med tanke på forsiktig tilnærming til normal kvardag etter endte restriksjonar. Vi går også ut i frå at det nye Bybadet til ein viss grad vil påverka inntektene på Moa svømmehall i ein periode framover, spesielt ved sommar, haust og vinterferie. Til tross for dette, går Moa svømmehall med eit lite mindreforbruk. Dette skuldast hovudsakleg mindre energiutgifter i året som har gått.

Samfunn

Området, som utgjer kommunalsjefen sitt leiarteam, hadde eit mindreforbruk på 5,9 millionar kroner. Dette var å vente, og heng saman med endring av funksjon i samband med omorganiseringa. Samtidig var det innebygd ein reserve på ca. 2 millionar kroner som var tenkt omdisponert til verksemdene dersom behovet skulle tilseie det. Dette vart imidlertid ikkje gjort. Det var tidleg klart at Miljø og samferdsel ville få eit større meirforbruk, men også andre tenester innanfor plan, byggjesak, oppmåling og eigarseksjonering var usikre pga. reduserte gebyrinntekter. Ein valde derfor å ikkje tilføre noko av verksemdene meir midlar gjennom ei budsjettjustering.

Vatn og avløp

Verksemda hadde eit mindreforbruk på 0,7 millionar kroner. Det er eit mindreforbruk på lønn knytt til at ein har færre tilsette enn i budsjett. Vi har eit bevisst meirforbruk på drift i staden for å nytte investeringsmidlar. Dette har vore gjort der det har vore mogleg for å ta ned fonda i samsvar med regelverk for fond.

For drifta generelt så har det vore låge straumprisar knytt til kommunen si straumavtale. Fleire rammeavtaler er fornya som gjev noko høgare prisar på tenester verksemda kjøper.

Status fond vatn, avløp og renovasjon:

Fond for vatn er halvert i 2022. Fond for avløp er tatt ned 3/4 i 2022. Øvrige fond har en marginal vekst i 2022.

Kommentarar til Funksjonar som normalt ikkje nyttast av verksemda innan sjølvkost:

Funksjon 120: Her har det kome inn refusjon på timar nytta til kommunedelinga.

Funksjon 180: Nokre mindre innkjøp av kontorutstyr som er ført på feil funksjon.

Funksjon 285: Her kjem kostnader knytt til refusjon ved tilknyting kommunale anlegg som ikkje går sjølvkost.

Funksjon 320: Driftskostnader og leigeinntekter på anleggsmaskiner nytta på deponi.

Funksjon 325: Her har vi fått en del kostnader som ikkje dekkast av sjølvkost knytt til forvaltning av vassdrag. Dette er eit ansvar som vart delegert til VA i 2022 utan midlar.

Funksjon 332: Her er timer og nokre refusjonar knytt til at VA-tilsette deltek i brøytevakt for Miljø og Samferdsel.

Funksjon 365: Feilført post på faktura.

Miljø og samferdsel

Verksemda hadde eit meirforbruk på 13,3 millionar kroner. I tidlegare rapportering er det gjort greie for at verksemda er i ny organisasjonsplan er sett saman av delar av stabane frå kommunedirektøren og ulike delar av tidlegare verksemd for veg, grønt og anlegg (VGA). Budsjett og rekneskap er konvertert frå gammal til ny struktur i tillegg til at entreprenørverksemda i tidlegare VGA er lagt ned. Dette gjer det krevjande å lage gode prognose samt få god oversikt då historikken både for budsjett og rekneskap er broten. I forhold til forrige rapportering har ein vektlagt at ein ikkje har kome så langt med investeringsprosjekta som føresett, og at ein derfor truleg ikkje får så stor inndekking frå investeringsbudsjettet som det er lagt opp til i driftsbudsjettet. Prognosen viser derfor eit større meirforbruk denne gongen enn ved tidlegare rapportering.

Avdeling drift:

Meirforbruk ift budsjetterte midlar kjem frå vinterdrift. Ekstrem skifte mellom snø, regn og is gjer brøyting og strøing svært ressurskrevjande og økonomisk uforutsigbart.

Ei større utrykking med alt av tilgjengelig mannskap utgjer pr døgn ca. 700 000 kroner. Berre november og desember åleine utgjorde ein kostnad på ca 5 millionar kroner. I tillegg til dette fekk vi ei kraftig regulering av KPI for vinterdrift på 16,7% for 2022/2023, noko som utgjorde 1,8 million kroner.

Avdeling forvaltning:

Omorganiseringar og dertil omposteringar i budsjett og rekneskapen, har gjort det krevjande å følgje opp det nye ansvarsområdet. Ansaret syner eit meirforbruk ifht budsjetterte midlar, men det rår noko usikkerheit kring årsak grunna nemnde omposteringar. Nokre av kostnadane som er ført på denne avdelinga kan vere tilhøyrande andre avdelingar.

Avdeling prosjekt:

Prosjektavdelinga går i balanse ved at netto kostnadar er fordelt på investeringsprosjekt i samsvar med timeforbruk på kvart prosjekt.

Det er eit meirforbruk på Byen Som Regional Motor. Dette skuldast i hovudsak at det er budsjettert med inntekter frå investeringsrekneskapen. Dette er ikkje realistisk og det har ikkje vore mogleg å belaste investeringsrekneskapen slik budsjettet har føresett.

Ansvar 720052 Bypakke går med eit mindreforbruk i høve til budsjett. Dette skuldast i hovudsak retting av eit prosjekt frå 2021 der rettinga vert gjort i rekneskapen for 2022.

Byggesak og oppmåling

Verksemda hadde eit mindreforbruk på 2,9 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak vakansar gjennom året.

Plan og geodata

Verksemda hadde eit mindreforbruk på 3,7 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak vakansar gjennom året.

Investeringar

Kommunalområdet gjennomførte i 2022 investeringsprosjekt for rundt 248 millionar kroner. Dette er litt lågare enn rekna med i det justerte investeringsbudsjettet, og vesentleg lågare enn opphavleg budsjett.

Gjennomføring av investeringsprosjekt i kommunalområdet har ikkje den framdrifta ein ønsker. Ein manglar framleis tilsette i aktuelle stillingar som kan vere med å gjennomføre arbeidet, og sikre framdrift.

Investeringsrekneskapen for kommunalområdet syner eit mindreforbruk på 86 millionar kroner

Dei største investeringsprosjekta ligg i verksemd Vatn og avløp. Her var det i 2022 eit mindreforbruk mot budsjett på 64 millionar kroner. Hovudårsak er mangel på eigne tilsette med seniorkompetanse i fleire sentrale posisjonar. Særleg innan områda planarbeid, prosjektering, prosjektleiing og byggeleiing manglar vi folk.

Det har vore auka fokus på rapportering og oppfølging mot Statsforvaltar og Mattilsynet for å dokumentere at ein følger oppsetta planar i hovudplan og i saneringsplanar.

Mot Statsforvaltar er det fokus på å fjerne direkteutslepp i tettbygde strøk, avvikle og overføre gamle slamavskiljarar til gode reinseanlegg og separering av overvatn i egne røyr.

Største prosjektet på avløp er det nye reinseanlegget på Kongshaugstranda der detaljprosjekteringa starta i august. Reguleringsplan er utarbeidd i Sula kommune, og lagt ut til offentleg ettersyn.

Mot Mattilsynet er det fokus på å lukke avvik der etablering av nytt vass-behandlingsanlegg er det største. Detaljprosjektering ferdigstillast februar 2023 og ein startar då anbudsprosessen.

I 2022 vart saneringsplan for reinsesone 4 ferdigstilt. Dette er eit prosjekt som har tatt to år å gjennomføre og dekker område Nørvasundbrua, Gåseid, Åsesida, Moa og Spjelkavik. Ein detaljert prosjektplan er knytt til planen som tek føre seg tiltak og utbetringar som skal gjennomførast i perioden 2023 - 2027.

Også i verksemd Miljø og samferdsel er det store investeringsprosjekt. Av ei revidert investeringsramme på 126,6 millionar kroner, vart det nytta totalt 105,7 millionar kroner. Verksemda har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre prosjekta i det omfang budsjettet skulle tilseie. Verksemda har også hatt ein del utskifting av personell i tilknytning til omorganiseringa.

90-området, Frie inntekter, finans m.m.

På dette området blir det bokført inntekter og utgifter som ikkje naturleg høyrer heime på andre stabs- eller kommunalområder, som til dømes premieavvik på pensjon, overføringar til føretaka, finanspostar, årsoppgjersdisposisjonar osb. For 2022 har ein også valt å skilje ut dei fleste direkte koronarelaterte kostnader ved å flytte desse frå kommunal- og stabsområda til 90-området. Dette utgjer om lag 50 millionar kroner. Øvrige avvik gjeld mellom anna tilskot til bustadformål (om lag 7 mill. kr høgare enn budsjettet).

Etikk

Ålesund kommune er ansvarleg for grunnleggjande tenester for innbyggjarane, forvaltar store ressursar på vegne av fellesskapet og utøver mynde på ei rekkje område. Kommunen er gitt ei tydeleg makt som forvaltar av ei rekkje lovar og forskrifter. Tilsette og folkevalde har eit stort ansvar som forvaltar av fellesskapet sine ressursar, og den einskilde sin oppførsel og handlemåte legg grunnlag for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen.

Ålesund kommune har som ny kommune etablert og vedtatt ein ny etisk standard for tilsette og folkevalde. Kommunen har òg vedtatt eige verdigrunnlag som er forankra i samfunnsplanen.

Våre verdier er: *Open, engasjert, modig.*

Som del av arbeidet med å forankre verdiane i organisasjonen vart det utarbeidd ein verdiplakat. Verdiplakaten er ferdigstilt i 2020 og blir implementert i organisasjonen.



I 2022 har det òg vore gjennomført eiga gjennomgang av etisk standard med alle folkevalde i kommunestyret.

Kommunen har ein eigen- og internkontroll, og ein strategi for anskaffingar.

Kommunedirektøren har etablert eige varslingsråd for å kunne handtere varsel om kritikkverdige tilhøve på ein god måte. I 2020 vart kommunen sine rutinar og system for varsling revidert, og dei er òg implementert vidare i 2021 og 2022.

Ålesund kommune er òg medlem av Transparency international Norge.

Likestilling

Kjønnslikestilling

Kjønnsfordeling tilsette totalt i kommunen:

Av tilsette i Ålesund kommune er 76 % kvinner og 24 % menn. I alle delar av kommunen er det ei overvekt av kvinner, med unntak av dei tekniske yrka der det er ei overvekt av menn med 74 % . Desse tala inkluderer òg føretaka i kommunen.

Det er ofte interessant å sjå på i kva grad begge kjønn vert rekruttert inn til leiarstillingar. Tabellen nedanfor viser fordelinga mellom kvinner og menn i 2022 for dei totalt 296 leiarstillingane med personalansvar på ulike nivå. Tabellen viser at begge kjønn er greitt representert, og at fordelinga på avdelingsnivå i større grad viser rekrutteringsgrunnlaget til desse stillingane.

	Menn og kvinner	Kvinner	Menn
Leiarar kap. 3.4.1 (kommunalsjefar)	6	4	2
Leiarar kap. 3.4.2 (verksemdleiarar)	78	45	33
Leiarar kap. 3.4.3 (avdelingsleiarar)	212	162	50
Sum	296	211	85

Ålesund kommune har i 2022 utarbeidd og implementert en likestillingspolicy. Den finn du [her](#).

Statistikk heiltid og deltid

Arbeidet med å redusere deltid og auke heiltid er viktig for kommunen. Det er slik at det er fleire tilsette i deltidsstillingar i dei kvinnedominerte yrka, spesielt for dei yrka der dei fleste har turnusarbeid. Ålesund kommune har eit mål om å auke andelen tilsette med full stilling, og å auke den gjennomsnittlege stillingsstorleiken.

Tabellen nedanfor viser tal på menn og kvinner fordelt på ulike stillingsstørrelsar pr tilsett. Tala er pr 01.12 kvart enkelt år. Innanfor helse, pleie og omsorg arbeider 59% av dei tilsette deltid.

		2020	2020	2021	2021	2022	2022
Stillingsstørrelse pr. ansatt	Kjønn	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	609	10,1	609	10,2	572	10,0
	Kvinner	384	8,3	391	8,5	350	8,0
	Menn	225	16,0	218	15,6	222	16,1
25 - 49,9%	Kvinner og menn	326	5,4	344	5,7	334	5,8
	Kvinner	258	5,6	273	6,0	253	5,8
	Menn	68	4,9	71	5,1	81	5,9
50 - 74,9%	Kvinner og menn	872	14,5	875	14,6	848	14,8
	Kvinner	752	16,3	735	16,0	727	16,7
	Menn	120	8,6	140	10,0	121	8,8
75 - 99,9%	Kvinner og menn	1027	17,1	1007	16,8	952	16,6
	Kvinner	924	20,0	912	19,9	860	19,8
	Menn	103	7,3	95	6,8	92	6,7
100%	Kvinner og menn	3182	52,9	3149	52,6	3023	52,8
	Kvinner	2296	49,8	2273	49,6	2161	49,7
	Menn	886	63,2	876	62,6	862	62,6

Det er tidligere vist at det er gjennomsnittleg høgare stillingsprosent i nye Ålesund kommune i forhold til dei fem tidligare kommunane. Det er likevel ein marginal mindre del med full stilling i 2021 i forhold til 2020. Den mest sannsynlege årsaka er færre årsverk i administrasjon, undervisningsstillingar og barnehagar der det mest normale er tilbod om full stilling. 2022 er i all hovudsak lik 2021

Gjennomsnittleg stillingsstørrelse.

I 2022 var det 47% av dei tilsette i kommunen som arbeidde deltid, og det hadde i gjennomsnitt en stillingsstorleik på 56%. Dersom vi reknar gjennomsnittleg stillingsstorleik for alle tilsette samla, var den på 79% i fjor. Det er berre små endringar frå åra 2020 og 2021.

Lønsstatistikk, forskjellar mellom kjønn

Tabellen nedanfor er basert på tal som noverande Ålesund kommune har rapportert til KS. Tabellen er utarbeidd av KS. Den inneheld gjennomsnittleg fortjeneste pr. månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn. Tala er pr. 01.12.dei ulike åra.

	2020	2020	2021	2021	2022	2022
Justert for	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns
Ujustert	94,4	95,7	95,4	96,1	95,6	96,1
Alder	94,4	95,7	95,4	96,1	95,6	96,1
Stillingsgruppe	97,0	99,7	97,8	99,7	97,9	99,6
Stillingskode	101,2	99,2	102,8	99,4	105,9	99,4
Utdanning	93,7	96,7	95,0	97,2	95,7	97,8

Tala gir uttrykk for kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore dersom kvinner og menn hadde same årsverksfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør brukast som mål på kjønnsforskjellen i løn, sidan tala i stor grad held utanfor den delen av lønsforskjellen som skuldast ulike yrkessval.

Tala visar at grunnløn for menn og kvinner, når ein tek omsyn til stillingskode og stillingsgruppe, er tilnærma lik. Dette var og tema i lønnspolitiske drøftingsmøte mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivar i Ålesund kommune i 2022. Med utgangspunkt i statistisk grunnlag vart det ikkje avtalt nokon spesielle lønsmessige tiltak med utgangspunkt i kjønn i 2022